



# HAREID ROTARYKLUBB

Distrikt 2305  
Klubbnr. RK 12713

Månedsbrev for september 2024.

Årgang 60



Møtedag:	Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad:	Klubbhuset til Hareid IL, 6060 Hareid.
President:	Astrid Velle
Visepresident:	Karl Johan Bakken
Styremedlem:	Svein Dag Slettebakk
Sekretær:	Bernhard Harkjerr
Kasserar:	Hanne Rognan
Past pres:	Ove Midtflø
Ansv.red.:	Odd Arne Holstad
Referent:	Johan Ole Brandal

Dette er lærerens egentlige fag:  
Å like elever.

Åvære glad i dem.

Han skal være glad i pene barn og stygge barn,

I flinke barn og dumme barn,

I dovne barn og flittige barn,

I snille barn og slemme barn.

Det er hans metier.

Og er han ikke glad i barn, da må han lære det.

For selvfølelig kan det læres, det som alt annet.

(Hvordan kan man være lærer hvis man ikke tror at alt kan læres?)...

Hans gjerning er å omgås hele, levende barn,  
Og ikke bare små hoder.

Derfor krever lærerkallet av ham at han også selv skal møte frem som et helt og levende menneske, ikke bare som et noe større hode.

Så enkelt, og så vanskelig, er det å være lærer.

- Jens Bjørnenoe -

## Referat frå Rotarymøte 2. september 2024.



Distriktsdirektør Lene Trude Solheim i NHO var kveldens gjest og foredragshaldar. Ho heldt eit engasjert foredrag, der ho presenterte seg sjølv og NHO. Ho er busett i Ulsteinvik, men pendlar til Ålesund. Ho starta i jobben 2. februar i år, men har ca 20 års erfaring frå maritim sektor. NHO er ein arbeidsgivarorganisasjon. NHO Møre og Romsdal arbeider for å styrke næringslivet i regionen. Dei største utfordringane er omstillinga til det grøne skifte, digitalisering og den demografiska utviklinga. Ho var også innom det høge sjukefråveret i Noreg, og meinte tida var overmoden for ei innstraming av sjukelønsordninga. Ho var også bekymra for virkninga den særnorske formuesskatten har for norsk eigarskap.

## Referat frå Rotarymøte 9. september 2024.



Denne kvelden hadde vi besøk av Tommy Walaunet, som er adm.dir. i reiarlaget Island Offshore, i Ulsteinvik. Island Offshore er eit relativt nytt reiarlag, med oppstart i 2004, som driv reiarverksemnd innan offshore segmentet. Reiarlaget er i hovudsak eigd av Ulstein familien i Ulsteinvik og Choust familien i USA. I dag, 20 år seinare opererer reiarlaget med eit 20 tals skip innanfor sitt segment. Sjølv om nokre av fartøya dreg litt på åra, disponerer reiarlaget ein fleksibel og moderne flåte, som lett kan byggast om til nye oppdrag. Lokalt eigarskap, med evne og vilje til rask omstilling blir framheva som viktige premissar for vidare drift og vekst. Likeeins effektiv leiing, kompetanse i alle ledd, kvalitet i skip og utstyr, marknadsposisjon og bedriftskultur. Vi takkar for eit svært interessant og lærerikt foredrag.

## **Referat frå Rotarymøte 16. september 2024.**

Denne dagen var det dugnad på Rotary-stien.

Vi var ein bra gjeng som rydda kratt og sjemmande vegetasjon langs stien.

Det vart brukt både motoriserte ryddesager og manuelle ryddesakser og vi fekk gjort eit godt stykke arbeid, som synte godt igjen i landskapet.

Vi takkar alle som var med, for god innsats.

## **Referat frå Rotarymøte 23. september 2024.**

Denne klubbkvelden hadde vi besøk av marknadssjef for IKT i Tussa, Steinar Hauge frå Ulsteinvik.

Straumleverandøren Tussa har med åra vorte eit konsern, som i tillegg til levering av straum også driv med Installasjon, IT, Kommunikasjon.

Kort fortalt kan ein seie at selskapet driv med energiforsyning og IKT.

Drifting av straumlinjer er overført til Linja AS, som er eit nettselskap, som syter for straum til ca 170 000 innbyggjarar på Nordvestlandet, frå Askvoll i sør til Ålesund i nord.

Linja AS er eigd av Tafjord Kraft, SFE og Tussa Kraft.

Når vi er inne på eigarskap kan det nemnast at Tussakonsernet er eigd av 9 lokale kommuner, der Hareid er ei av dei (5,7%), KLP og eit kraftselskap.

Tussa har 26 heileigde og 3 deleigde vasskraftverk, og 1 biobrenselanlegg.

Dei er også ein betydelig arbeidsgivar i vår region, som satsar på god foretningdrift, miljø og berekraft.

Dei er også ein viktig sponsor for mange allmennyttige formål i vårt distrikt-

Vi takkar Steinar Hauge for eit svært engasjerande og kjekt foredrag.

## **Referat frå Rotarymøte 30. september 2024.**

Siste mandag i månaden var som vanlig programfritt.

Det var likevel godt frammøte og praten gjekk lystig rundt borda.